

Weglo Design
Plan og Landskap AS
Strandgaten 50
5004 BERGEN

Dato: 29.09.2014
Vår ref.: 2014/21375-1
Saksbehandlar: vigberg
Dykkar ref.:

Mangersnes gnr. 44 bnr. 2 mfl. - Oppstart reguleringsplan - Radøy kommune - Oversending av kostnadsoverslag for arkeologiske registreringar

Vi viser til vårt brev av 13.12.13 til melding om oppstart av reguleringsplan for Mangersneset gnr. 44 bnr. 2 mfl. i Radøy kommune. Vi varsler her at det var naudsynt med ei arkeologisk registrering i planområdet, jf. § 9 i kulturminnelova. Vi seier oss leie for sein tilbakemelding i saka.

Arkeolog frå Hordaland fylkeskommune har vore på synfaring i planområdet. Ut frå kjende funn, planområdet si høgde over havet og førekomst av lausmassar er det i hovudsak funn av busetnadsspor og aktivitetsspor frå steinalder ein kan vente å finne i området. Undersøkinga vert utført ved søk etter synlege kulturminne og manuell prøvestikking med spade i marka.

Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bere kostnadane ved ei slik undersøking, jf. §§ 9 og 10 i kulturminnelova. Arbeidsomfanget er berekna til to veker i felt for to personar, samt etterarbeid og skiving av rapport. Kostnadsramma for den arkeologiske registreringa er sett til 186 400,- (sjå vedlegg). Dersom arbeidsomfanget skulle overstige våre overslag vil vi varsle dykk om dette så snart som råd. Vi ber om at de sender ei skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysningar om organisasjonsnummer, samt signatur til den som er ansvarleg betalar. Når kostnadsoverslaget er godkjend vil vi ta kontakt for å avtale når arbeidet kan utførast. Det er ofte føremålstenleg å få området registrert før planen er ferdig utforma for å kunne ta omsyn til eventuelle konflikter med automatisk freda kulturminne. Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova bør oppfyllest før planen vert lagt fram på høyring.

Vi gjer vidare merksam på at dersom den arkeologiske registreringa skulle påvise nye funn av automatisk freda kulturminne, må tiltaket justerast eller saka leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde etter kulturminnelova.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Vigdis Berge
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.